



Odd Steinar Arnesen, ny rektor på Uskedal skule, er på plass i rektorstolen.

Odd Steinar Arnesen, ny rektor på Uskedal skule, hadde sin fyrste arbeidsdag i går. Arbeidet fram til skulestart handlar om klargjering og det sjå over at alt er på plass. Fyrste skuledagen er torsdag 15. august. Pedagogisk personale skal ha to plan- og kursdagar i forkant. Elevtalet er stabilt med 101 elevar. Det er 12 elevar i 1. klasse.

Den nye rektoren har lang fartstid og er godt kjend på Uskedal skule. Odd Steinar har i magne periodar fungert som viserektor. Innan 2020 vert det innført ny læreplan med tre hovudfokus, som skal gjennomsyra alle fag. Det er:

- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmeistring

Arbeidet med den nye læreplanen, som vert kalla Fagfornyning, tek til eit år før sjølv innføringa. Den nye planen er tydeleg på mål og det vert meir fokus på tverrfagleg arbeid. Planen erstattar Kunnskapsløftet.

Personalgruppa tel 16 personar. Det er 11 lærarar, 4 assistentar og ein rektor. I den lokale målsetjing legg Uskedal skule vekt på tryggleik, det at elevane skal trivast og vera trygge i høve til dei vaksne og medelevane. Tryggleik er ein avgjerande føresetnad for trivsel og læring.

Uskedal skule er fulldelt med ein klasse på kvart årssteg. Dei 101 elevane fordeler seg slik på klassane:

- 1. klasse: 12 eelvar
- 2. klasse: 12 elevar
- 3. klasse: 12 elevar
- 4. klasse: 15 elevar
- 5. klasse: 16 elevar
- 6. klasse: 18 elevar
- 7. klasse: 16 elevar

Kvar klasse har sin kontaktlærar. I tillegg kjem fire timelærarar og fire assistentar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal